



Berre seks frå reiselivsbransjen møtte fram då rådmannen kalla inn til møte om skiping av eit nytt reiselivslag. To av dei var frå Uskedalen. Aslaug Lyse og Magne Huglen sit bak til venstre. (Foto: Kvinnheringen)

Turistnæringa i Kvinnherad har sagt eit klart nei til skiping av eit nytt reiselivslag. Det skjedde under møtet som rådmannen hadde innkalt til i rådhuset onsdag kveld.

Det var formannskapet som med fem mot fire røyster og etter forslag frå uskedelingen Torfinn Myklebust hadde pålagt rådmannen å kalla inn til møte om saka. Men berre seks reiselivsaktørar møtte fram og ingen av dei ville ha nytt reiselivslag, opplyser Kvinnheringen.

- Eg har ikkje hatt tru på ei slik organisering. Hadde næringa sjølv vore interessert i å skipa eit nytt reiselivslag, så hadde dei gjort det for lenge sidan. Og frammøtet her viser vel tydeleg kva næringa meiner, sa rådmann Trond Sætereng.

Det vart aldri nokon debatt om saka men Leif Sverre Enes foreslo at kommunen skulle få fram ein reiselivsrekneskap som kan visa kva næringa betyr for kommunen. Rådmannen lova på sparket å sjå på om det er mogeleg å få fram ein slik rekneskap på ein enkel og rimeleg måte og kanskje då i samarbeid med dei andre kommunane i Sunnhordlandsregionen.